

NVE Konesesjonsavdelingen
Seksjon for småkraftverk (KSK)
nve@nve.no

DERES REF:	DERES DATO:	ARKIVKODE:	VÅR REF:	STED:	DATO:
201106573	13.08.2015		David Inge Tveito	Oslo	08.09.2015

Kommentarar til høyringsuttalane i samband med konsesjonssøknad for Åselvi Kraftverk i Vik kommune i Sogn og Fjordane.

Me viser til e-post av 13. august 2015 med 11 høyringsuttalar til konsesjonssøknaden for Åselvi kraftverk.

Me håper at våre kommentarar er tilstrekkeleg underlag for NVE si sluttbehandling av konsesjonssøknaden.

Med venleg helsing
For Åselvi Kraftverk SUS

David Inge Tveito
Konsulent og kontaktperson for
Norges Småkraftverk AS

Innhald

Kommentar til uttalane frå:

1. Luster kommune
2. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune
4. Statens vegvesen
5. Sogn og Fjordane turlag
6. SFE Nett AS
7. Direktoratet for Mineralforvaltning
8. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
9. Vassbakken kro og camping
10. Luster Energiverk
11. Villreinnemda

1. Luster kommune

Luster kommune rår i frå at det blir gjeve konsesjon til Åselvi. Hovudgrunnen for dette er redusert opplevingsverdi av Åsafossen.

Kommentar:

Med planlagt minstevannføring, planlagt slukeevne og tilsig frå restfelt, meiner utbyggar at Åsafossen etter utbygginga fortsatt framstår som eit markert landskapselement.

2. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FYM)

FYM skriv at etter deira vurdering er det så store verdiar knytt til den planlagt utbygde strekninga, at det sjølv med dei tilpassingane som ligg inne i søknaden, ikkje vil kunne avbøte skadane for dei allmenne interessene.

Fylkesmannen rår sterkt frå at det vert gjeve konsesjon til Åselvi kraftverk.

Kommentar:

Utbyggar meiner at dei avbøtande tiltaka er tilstrekkelege for dei allmenne interessene.

3. Sogn og Fjordane Fylkeskommune (SfK)

SfK skriv at "fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt vekt på at utbygginga vil redusere Åsafossen vesentleg som landskapselement i eit område som er svært viktig i reiselivsamanheng."

Kommentar:

Med planlagt minstevannføring, planlagt slukeevne og tilsig frå restfelt, meiner utbyggar at Åsafossen etter utbygginga fortsatt framstår som eit markert landskapselement.

4. Statens Vegvesen

Statens Vegvesen viser til at det må søkast om avkøyrsløse og søkast om dispensasjon frå evt. byggegrense til fylkesvegen.

Kommentar:

Utbyggar vil søke om dette etter krava til Statens Vegvesen når detaljplan vert utarbeidd.

5. Sogn og Fjordane turlag

Sogn og Fjordane turlag skriv: "For friluftslivet lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt, samt for turisme og næringsliv er Åselvi særskild viktig! Landskapselementet og opplevinga av Åselvi er særskild viktig for både allmenne interesser, turismen og næringslivet.

Nedre del av elva er eit godt gyte- og oppvekstområde for fisk. Biologisk mangfald er høgt, med rike og varierte naturtyper langs elva og og trugsmåla mot slik natur vert stadig auka. Vi går difor så strekt vi kan imot å gje konsesjon til denne utbygginga!"

Kommentar:

Utbyggar meiner at dei avbøtande tiltaka er tilstrekkelege for dei allmenne interessene.

6. SFE Nett AS

Kommentar:

Utbyggar viser til kommentaren til uttale frå Luster Energiverk.

7. Direktoratet for Mineralforvaltning

Ingen synspunkt.

8. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Naturvernforbundet meiner verdien av fossen i landskapet, naturtypar langs elvestrekninga og at elva er i eit område med lite nedbør, gjer at dei går sterkt i mot utbygginga.

Kommentar:

Utbygger held seg til det fagekspertisen som har laga BM-rapporten, har skrive. Utbygger meiner også at dei avbøtande tiltaka er tilstrekkelege for dei allmenne interessene.

9. Vassbakken Kro og Camping AS

Vassbakken Kro og Camping trekk fram Åsafossen som landskapselement for opplevingar for turistar og cruisegjestar. Dei skriv også at Åselvi er ein av grunnpilarane for næringa deira og er i mot utbygging.

Kommentar:

I dag er det periodar med lite vassføring når det er tørt og snøsmeltinga er over som vist i bileta som fylgjer søknaden.

Med planlagt minstevannføring, planlagt slukeevne og tilsig frå restfelt, meiner utbygger at Åsafossen etter utbygginga fortsatt framstår som eit markert landskapselement.

10. Luster Energiverk AS datert 09.07.2015

Luster Energiverk skriv at Åselvi si tilknytning vert rekna som produksjonsrelatert nett og at anleggsbidraget vert 3,7 MNOK.

Kommentar:

Utbygger er kjent med størrelsen på anleggsbidraget og det er teke med i utbyggingsbudsjettet.

11. Villreinnemnda

Både Kveken og Åselvi ligg nedanfor skoggrensa, og sjølve inntaka ligg i skogsterreng som i berre liten grad vert nytta av villreinen. Det ligg stølar i nærleiken, og mellom inntaka og snaufjellet (villreinområdet) ovanfor finn ein fjellbjørkeskog. Dette er plassar der villrein kan kome ned på tidleg vårgroe. Ein bør difor syne varsemd i april og mai, og stogge arbeidet dersom rein trekker nedover i den akteulle dalen.

Kommentar:

Utbygger meiner at kravet frå Villreinnemnda er uproblematisk å få til.